



Turngruppa fekk ein knallstart måndag kveld, då det møtte fram 13 til step leia av Anette Sund. - Eg er kjempefornøgd, det kom fleire nye, men eg ventar enda fleire neste gong, seier instruktøren til uskedalen.no. Onsdag skal ho i aksjon som leiar av aerobic og reknar med minst like godt frammøte då.

Det neste på programmet er gymstic torsdag og her er Janne Hjelmeland instruktør. Barnetrim, idrettsskule og seniorar startar 2. september.

På biletet står dei 13 stepdamene saman med instruktør Anette Sund før sesongstarten. Frå venstre Astrid Haugland, Randi Guddal Zimmer, Kjersti Bråtun, Janne Hjønnvåg, Heli Korttila, Jofrid Eik, Mette Bendiksen, Julie K. Flodsand, Agnetha Flodsand, Elisabeth Belsvik, Anneliise K. Flodsand, Maykjersti Haugland og Åse Myklebust.

(Foto: Ola Matti Mathisen).